



**Fyresdal kommune**  
**Sektor for plan og teknikk**

NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## Melding om vedtak

**Dykkar ref:**

**Vår ref**  
2016/1018-14

**Saksbeh:**

Einar Mikkelsen, 35067132  
einar.mikkelsen@fyresdal.kommune.no

**Arkivkode:**

S11

**Dato:**

22.09.2017

### Opprusting og utvidelse av Soks kraftverk og Steinvassåne minikraftanlegg

Syner til vedlagte særutskrift/uttale

Med helsing

Einar Mikkelsen  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift*



## Fyresdal kommune

Arkiv: S11  
 Saksmappe: 2016/1018-5  
 Saksbeh.: Einar Mikkelsen  
 Dato: 21.08.2017

### Saksframlegg

#### Uttale til opprusting og utvidelse av Soks kraftverk og Steinvasåne minikraftanlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for plan og miljø	27/17	19.09.2017

#### **Endeleg vedtaksrett i saka har: PM-utvalet**

**Dokument i saka:** Søknad og utgreiing  
 Høyringsbrev NVE  
 Div høyringsutaler

#### **Bakgrunn for saka:**

NVE har motteke søknad frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 4 småkraftverk i Fyresdal kommune.

Samstundes er det søkt om opprusting og utviding av Soks kraftverk i same kommune. Søknadane skal handsamast samstundes, og samla belastning for området skal vurderast. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla.

Komplett søknad ligg her:


<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201601897/2050317>

NVE hadde synfaring med kommunen, Fylkesmannen og utbyggar i veke 36.

#### **Vurdering:**

*Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020, arealforvaltinga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar.*

Det er uheldig at det kjem 4 saker samla frå NVE, når det tillegg er høyringsfrist i sommarferien. Opprinneleg høyringsfrist var 25.08.2017, men det er søkt om og gjeve utsetting av denne fristen til 9.09.2017, dette for å kunne ha sakene i PM-utvalet. Da møtet er utsett ytterlegare vil ein ikkje kunne fremja motsegn etter denne siste fristen, men kan kome med utale.



Det er her tale om ulike prosjekt, det eine er Steinvassåne kraftverk. Kraftverket vil nytte eit fall på 68 m i Steinvassåne, frå inntaket på kote 534 til kraftstasjonen på kote 466. Vassvegen vil bli 350 m lang, og er planlagt nedgrave på nordsida av elva. Det vil ikkje bli bygd ny veg til kraftstasjonen, men det må byggjast 350 m ny veg frå kraftstasjonen til inntaket. Middelvassføringa er 350 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 950 l/s.

Det er og søkt om å regulere Steinsvatn mellom kote 565,3 og 566,25, dvs 0,95m. Halve Steinsvatn liggje i Åmli kommune i Aust-Agder, medan kraftverket liggje i Fyresdal. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 0,5 MW, og vil etter planane produsere 1,6 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 30 l/s heile året.

Kommunen har vore med utbyggjar på synfaring. Det er tenkt utjammingsrør frå Steinsvatn og ein dam i Steinsvatn ca 1,5m høg og 6m lang. For Steinvassåni er der planlagt ein låg inntaksdam på 0,5m og omlag 18m lang plassera i nederste lona i Løkjene.



Steinvassåni



Steinsvatn

#### Soks kraftverk - opprusting og utviding

Soks kraftverk vart bygd konsesjonsfritt i 2009 og nyttar i dag eit fall på 190 m frå inntaket på kote 465 til kraftstasjonen på kote 275. Kraftverket har i dag ein slukeevne på 0,7 m<sup>3</sup>/s med ei installert effekt på 0,98 MW og ein årsproduksjon på 4,18 GWh. Minstevassføringa er satt til 30 l/s heile året.

Det blir søkt om å auke slukeevna i kraftverket frå 0,7 m<sup>3</sup>/s til 1,1 m<sup>3</sup>/s og om å auke installert effekt frå 0,97 MW til 1,6 MW. Vidare blir det søkt om å overføre Furevassbekken til Steinsvassåne.

Middelvassføringa i Furevassbekken er berekna til 85 l/s og overføringa er planlagt med ein kapasitet på 1500 l/s. Lengda på overføringsrøret vil bli 90 m. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 50 m lang elvestrekning i Furevassbekken, og det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring nedanfor inntaket til overføringa. Overføringa er venta å gje ein årleg auke i

produksjon på 0,8 GWh. Soks kraftverk vil også nytte reguleringa av Steinsvatnet. Samla vil heile prosjektet gje ei årleg auke i produksjonen på 1,6 GWh.

Etter synfaring må ein seie at det å føre over Furevassbekken til Steinvassåne er eit veldig lite inngrep som ein ikkje kan sjå kan ha noko særlege negative konsekvensar. Opprusting av stasjonen ved å auke slukeevnen kan ein heller ikkje sjå noko negativt ved. Det er lagt ved konsekvensvurdering av Rådgivende Biologer As, denne er grundig og syner at konsekvensene samla er liten negativ til ubetydelig. Som avbøtande tiltak er det anbefalt at minstevassføring aukast i sommersesongen opp til 40 l/s, mens det vinterstid er nok med 20 l/s.

3.19 Samlet vurdering

Tema	Konsekvens	Søker/konsulent sin vurdering
Vanntemp., is og lokalklima	Ubetydelig	Konsulent
Ras, flom og erosjon	Positiv	Konsulent
Ferskvannressurser	Ubetydelig	Konsulent
Grunnvann	Ubetydelig	Konsulent
Brukerinteresser	Liten negativ	Konsulent
Rødlistearter	Liten negativ	Konsulent
Terrestrisk miljø	Middels til liten negativ	Konsulent
Akvatisk miljø	Liten negativ	Konsulent
Landskap	Liten negativ	Konsulent
Kulturminner og kulturmiljø	Ubetydelig	Konsulent
Reindrift	Ubetydelig	Konsulent
Jord og skogressurser	Liten negativ	Konsulent
<b>Oppsummering</b>	<b>Liten negativ til ubetydelig</b>	<b>Søker</b>

### Konklusjon:

Kommunen har vore på synfaring saman med utbyggjar og finn at prosjektet gjer meir nytte enn ulempe når ein ser samla på prosjektet. Ein ser ikkje at det i dette høvet er så store inngrep at ein skulle gå imot desse utbyggingane. Det er klart at tiltaka har ein flomdempande effekt, det har vore skadeflommar i seinare tid.

### Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune ser positivt på utbygging av Steinvassåne kraftverk og opprusting og utviding av Soks kraftverk.

### Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

### Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Fyresdal kommune ser positivt på utbygging av Steinvassåne kraftverk og opprusting og utviding av Soks kraftverk.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Einar Mikkelsen
	senioringeniør